

Då Fredrik

339

→ Paasche var på veg over fjellet til Sverige langt nord i landet, nokre veker etter invasjonen, fann han i ei fiskarhytte dei tolv fint innbundne banda av Hamsuns skrifter under komfyren, ferdige til bruk. Ved ein seinare auksjon i Oslo vart same verket med store vanskar selt for ei krone; boda byrja med fem øre.

Men den sterkaste kjensla som fann nøring i den litterære arven, var ikkje negativ avvising, men positiv lojalitet. Det var mykje av primitiv drift til å slå att i alle dei okkuperte folka, mykje av blindt hat og hemntorste; og det måtte vera slik. Men sterke enn hatet mot fienden var hos nordmennene kjærleiken til det dei kjempa for, lovnaden frå fortida som dei skulle halda levande. Dei visste kva slag liv dei stridde for; dei hadde levt det sjølve. Det dei drøymde om, var med Sigrid Undsets ord å «venda attende til framtida»; liding og naud gjorde berre desse idealala klårare for dei, bak den krig dei var tvinga til å kjempa. Denne kjensla av vokster midt i brutaliteten og øydeleggjinga gav den norske heimefronten eit drag av glad trass, ein tone av von og trøyst, stundom nær sagt av glede: «Når vi ser bort fra de rent ytre forhold, og tenker på alt det store og gode som skjer i vårt folk for tiden, så er det umulig å henge med hodet»; «Vi ville ikke være noe annet sted enn her.» Det var denne innstillinga som gradvis lét dei første spontane motstandsaksjonane forma seg om til den seige og elastiske fronten som einast kunne greia ein lang undergrunnskrig; og det vende tradisjonen frå forsvar til åtak. På ein ny og uventa måte forstod nordmennene sanninga i Bjørnsons ord då han gav bort dei fleste av bøkene sine til ei folkeboksamling i Østerdalen: dei skulle ikkje bli nokon død skatt, men «et sterkta vaaben i folkets haand mod aandelig undertrykkelse».

Her òg synte bokmennene sjølve vegen. Tyskarane hadde vona å stø propagandaen sin med ein norsk litteratur i den nye ånd; den milde sensuren i fyrstninga hekk kanskje saman med ynsket om å kalla fram ei slik utvikling. Men dei mis-

• „Fridom og Lov“
„av Halvor Kolth & Sigmund Haar“

(Prøkekring 1945)